

UTKAST TIL REGLAR OM FULLMAKTER OG BEHANDLINGSPROSEDYRE I RETTSKRIVINGSSAKER

1. Bakgrunn

Som statens fagorgan i språkspørsmål har Språkrådet som ei av sine oppgåver å forvalta den offisielle rettskrivinga i bokmål og nynorsk. Dette følgjer direkte av vedtektene for Språkrådet, som Kulturdepartementet fastsette 25. april 2006, jf. § 1 første ledd.

Dei nærmare detaljane i rettskrivinga går fram av ordbøker og ordlister som anten er utarbeidde under medverknad av Språkrådet eller som Språkrådet har gjennomgått eller godkjent.

For ordlister og ordbøker til skulebruk er det fastsett i lov at dei skal godkjennast av Språkrådet, jf. opplæringslova § 9-4 fjerde ledd. Det inneber at Språkrådet har som lovfesta oppgåve mellom anna å kontrollera at staving og bøying av dei oppførte orda er i samsvar med gjeldande rettskriving.

Sjølve innhaldet i rettskrivinga derimot er ikkje lovfesta, heller ikkje statens rett til å fastsetja rettskrivinga eller endringar i gjeldande rettskriving.

Det er heller ikkje i lov noko generelt påbod om at offisiell rettskriving skal følgjast. Derimot har vi eit avgrensa lovbod om dette gjennom føresegna i opplæringslova § 9-4 andre ledd. Her er det no uttrykkjeleg fastsett at lærebøker og tilsvarende digitale læremiddel til bruk i skulen skal vera i samsvar med offisiell rettskriving.

Det er også ei rettsplikt å følgja offisiell rettskriving i den skriftlege undervisninga i skulen og i skriftleg målbruk i staten. Vi viser til nærmare utgreiing og drøfting i kap. 8.4.4 i St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (språkmeldinga).

Jamvel om rettskrivinga ikkje er lovfesta, er det lang tradisjon for at denne type språknormering er eit statleg ansvar. Departementet fastsette rettskrivingsreglar for skulebruk første gongen i 1862.¹ Dei omfattande rettskrivingsreformene på 1900-talet vart formelt fastsette ved kongeleg resolusjon, frå og med 1938 etter at dei først var drøfta i Stortinget på grunnlag av ei melding.

¹ Den gongen Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

I regi av Norsk språknemnd, oppretta i 1952, voks det i tillegg fram ein tradisjon for eit meir kontinuerleg normeringsarbeid. Dette vart frå 1972 vidareført av Norsk språkråd, som fram til omdanninga i 2005 fungerte som offentleg normeringsorgan for bokmål og nynorsk.

Normeringsverksemda kom etter kvart til å omfatta også tekniske og praktiske skrivereglar. Ei tematisk oversikt over slike reglar med ein del illustrerande eksempel er lagd ut på nettsidene til Språkrådet, under følgjande nettadresse:
www.sprakradet.no/nb-NO/Sprakhjelp/Skrivereglar_og_grammatikk/.

Delar av det skrivetekniske regelverket er formalisert ved at Norsk språkråd har gjennomgått ei handbok med skrivereglar som første gongen vart utgitt i 1972, og som seinare er komen i stadig nye utgåver både på bokmål og nynorsk.² Boka har ein offisiell status ved at ho er tilrådd for offentleg bruk av departementet.

I samband med desse gjennomgangane er ulike skrivetekniske spørsmål behandla og vedtekne av Norsk språkråd i samsvar med tidlegare fullmakter og prosedyrar for behandling av normeringssaker. I fleire slike spørsmål hadde Norsk språkråd fullmakt til å gjera endelege normeringsvedtak. Det same gjaldt i reine rettskringssaker, men berre så lenge det dreidde seg om nye og andre tidlegare unormerte ord. Vedtak om gjennomgripande systemendringar og endringar i skrivemåte og bøyning av tidlegare normerte ord måtte derimot leggjast fram for departementet til godkjenning.

Opphavleg var denne ansvarsdelinga ikkje formelt regulert, men etter at spørsmålet var drøfta i ei stortingsmelding i 1981, vart nærmare reglar tekne inn i vedtektene for Norsk språkråd. Språkrådet sine fullmakter i skrivetekniske spørsmål vart her spesifiserte til å omfatta følgjande tema: forkortingar (b), teiknsetjing (c), datering og andre taluttrykk (d), stor eller liten førebokstav (e) særskriving og samanskriving (f) og orddeling (g).

Verksemda i Norsk språkråd var elles forankra i eiga lov, og ei av oppgåvene som var nemnd i lova, var at Norsk språkråd skulle "uttale seg om prinsipper for normering av skriftspråket". Derimot var det ikkje i sjølve lova sagt noko om vedtaks- og fullmaktsforhold i normeringsspørsmål. Lova inneheldt berre ein generell heimel for Kongen til å fastsetja nærmare vedtekter for "rådets sammensetning, organisasjon og virksomhet".

Lov om Norsk språkråd vart oppheva med verknad frå 1. januar 2005. Frå same dato vart Norsk språkråd omdanna til den nye institusjonen som seinare fekk namnet Språkrådet. Etableringa av Språkrådet skjedde utan at institusjonen vart forankra i lov. Vedtektene for den gamle institusjonen, med dei omtalte normeringsfullmaktene, vart oppheva frå same dato som lova.

I vedtektene for den omdanna institusjonen vart det ikkje teke inn tilsvarande fullmakter. Departementet ønskte å vurdera nærmare i kva omfang og på kva måte det omorganiserte Språkrådet skulle arbeida med språknormering. Den etterfølgjande

² Finn-Erik Vinje: Skrivereglar. Utgitt på Aschehoug forlag. Dei sist oppdaterte utgåvene er frå 2009.

behandlinga av dette spørsmålet er gjennomgått og vurdert i kap. 8.4.3 i språkmeldinga. Meldinga konkluderte med at departementet i samråd med Språkrådet innan utgangen av 2008 tok sikte på å få etablert eit nytt behandlings- og vedtakssystem for nødvendig normvedlikehald og nynormering.

Av ulike grunnar er dette ennå ikkje gjennomført.

2. Utgangspunktet for eit nytt regelverk om normering

Jamvel om det statlege fagorganet i språkspørsmål per i dag ikkje har tilsvarande normeringsfullmakter som tidlegare, kan framleis staten i samsvar med langvarig praksis gjera vedtak om endringar i gjeldande rettskriving. I tråd med innarbeidd ansvarsdeling er det Kulturdepartementet som forvaltar denne avgjerdsmakta.

Den 20. september 2011 godkjende departementet endringar i nynorskrettskrivinga.³ Desse tek til å gjelda frå 1. august 2012. Dei vedtekne endringane består i at ei rad valfrie former går ut av rettskrivinga, og i nokre tilfelle av at nye former kjem inn. Den største prinsipielle endringa er at det tidlegare skiljet mellom hovudformer og sideformer blir oppheva. Det betyr at alle valfrie former no får same formelle status, slik at dei i prinsippet kan brukast i alle situasjonar der rettskrivinga er formelt bindande. Eit tilsvarande systemskifte skjedde i bokmål med verknad frå 1. juli i 2005.

Språkmeldinga vart lagd fram i 2008, og det var her ein føresetnad at rettskrivings-situasjonen skulle stabiliserast, slik at ein i framtida så langt råd er, unngår nye og hyppige endringar i gjeldande rettskriving, både meir omfattande reformer og årvisse justeringar i enkeltspørsmål. Gjennom behandling av språkmeldinga fekk likevel Språkrådet klarsignal til å gå i gang med å førebu ein revisjon av nynorskrettskrivinga.

Ved at denne revisjonen no er gjennomført, har det i løpet av få år skjedd ei opprydding i rettskrivinga og ei omlegging av sjølvne rettskrivingssystemet i så vel bokmål som nynorsk. Føresetnaden i språkmeldinga om stabilitet bør derfor kunna leggjast til grunn for lang tid framover.

Det var likevel ein klar konklusjon i språkmeldinga at det også heretter vil vera behov for eit organ som kan ta stilling til ulike rettskrivings- og normeringsspørsmål som erfaringsmessig vil oppstå etter kvart som språk- og språkbruksutviklinga går sin gang.

Mellom anna er det vist til eit notat om saka som departementet innhenta frå Språkrådet i 2006. I tillegg til den no vedtekne nynorskreforma vart det her peikt på tre oppgåver som burde prioriterast i åra framover. Det eine var eit kontinuerleg arbeid med nynormering, terminologi og språkobservasjon. Det andre var å vurdere eit klarare skilje mellom reglar og råd i det som har med skrivereglar å gjera, og det tredje var behovet for å driva betre informasjon om gjeldande normer.

³ Den nye nynorskrettskrivinga vart vedteken etter framlegg frå styret i Språkrådet og var utarbeidd av ei ekstern rettskrivingsnemnd som styret hadde sett ned spesielt for formålet.

I språkmeldinga er det også vist til at dei fleste høyringsinstansane som i 2004 uttalte seg om den pågåande omdanninga av Norsk språkråd, gav uttrykk for at normering framleis måtte vera ei statleg oppgåve, og at dette var ein funksjon som naturleg måtte liggja til det nye språkorganet. Ingen av dei som uttalte seg i høyringa den gongen, gav eksplisitt uttrykk for at det nye organet ikkje burde arbeida med normeringsspørsmål.

Jamvel om Språkrådet ved omdanninga i 2005 ikkje fekk vidareført liknande normeringsfullmakter som dei Norsk språkråd hadde hatt, vart det i vedtektene frå 2006 lagt til rette for at dette kunne skje seinare. Såleis heiter det i § 2 femte ledd i gjeldande vedtekter at departementet kan tilleggja Språkrådet spesifikke oppgåver og eventuell fullmakter innanfor definerte saksfelt, om nødvendig med nærmare reglar om saksbehandling og avgjerdsprosedyre. Av merknader til vedtektene går det fram at det først og fremst var fullmakter i normeringsspørsmål det her var tenkt på.

Også organisatorisk er det lagt til rette for at Språkrådet kan tilleggjast nærmare definerte oppgåver i normeringsspørsmål. Vi viser her til fagrådet for normering og språkobobservasjon, som er eitt av fire fagråd som styret oppnemner etter § 4 i gjeldande vedtekter.

Fagråda har kvart sitt mandat fastsett av styret. Hovudoppgåva for fagrådet for normering og språkobobservasjon er ”å arbeida for at norma i bokmål og nynorsk blir halden i hevd og utvikla i samsvar med etablert normeringspraksis og stabile utviklingstendensar i språkbruken”. Det heiter mellom anna at fagrådet skal koma med framlegg om normering av enkeltord, utanlandske namn og andre innlån, og at fagrådet skal foreslå endringar i gjeldande rettskriving og tilrådd syntaks når utviklinga gjer det ønskjeleg. Førebels er det altså ikkje fastsett nærmare prosedyrar for korleis slike framlegg skal behandlast vidare.

3. Korleis saka er førebudd

Etter at språkmeldinga var lagd fram, vart spørsmålet om nytt normeringsregime behandla på styremøte i Språkrådet 19. februar 2009. Fleirtalet slutta seg der til nokre kommentarar frå direktøren til eit innspel frå fagrådet for normering og språkobobservasjon. Styret vedtok å senda saka over til departementet på dette grunnlaget.

Hovudinnhaldet i dette innspelet var at Språkrådet burde få dei same fullmaktene som det Norsk språkråd tidlegare hadde hatt. Fagrådet ønskte i utgangspunktet å ha fullmaktene for seg sjølv, mens styret i tilslutning til kommentarane frå direktøren meinte at den endelege avgjerda burde liggja i styret, ikkje i fagrådet. Framlegget frå styret gjekk altså ut på at fagrådet skulle gjera førebels vedtak, mens endelege vedtak skulle gjerast i styret.

Språkmeldinga vart behandla i Stortinget 28. april 2009. I innstillinga frå fagkomiteen er det vist til drøftinga av norsk normeringspolitikk i meldinga. Komiteen hadde merkt

seg dei overordna prinsippa for den framtidige normeringspolitikken som det var gjort greie for i meldinga, dessutan Språkrådet si rolle i arbeidet med normering og språkrøkt. Spørsmålet om det framtidige normeringsregimet er ikkje kommentert.

Da forslaget om den nye nynorskrettskrivinga vart oversendt departementet 26. mai 2011, foreslo styret at Språkrådet skulle utarbeida ei tilrådd norm for nynorsk som ei hjelp til språkbrukarar som kunne trenga hjelp til å handtera valfridommen i rettskrivinga. Jamvel om det berre var tale om eit frivillig tilbod som ikkje skulle markerast i ordbøker og ordlister, la styret til grunn at tiltaket føresette ei avklaring av kva normeringsfullmakter Språkrådet skulle ha. I brev til Språkrådet av 20. september 2011 uttalte departementet at spørsmålet kunne drøftast som ledd i arbeidet med desse fullmaktene.

I same brevet varsla departementet ein nærmare dialog med styret om innhaldet i fullmaktene. I tråd med dette har det som ledd i den interne saksførebuinga i departementet vore kontakt med Språkrådet gjennom styreleiar og direktør under utforming av det vedlagde framlegget. Slik kontakt er ikkje bindande for Språkrådet, og Språkrådet kan derfor uttala seg om framlegget på fritt grunnlag.

4. Framlegg til nytt behandlings- og vedtaksregime i normeringssaker

I tråd med det som er uttalt i språkmeldinga, legg departementet til grunn at normeringsverksemda i tida framover truleg vil ha eit monaleg mindre omfang enn det som var tilfelle i store delar av den tida Norsk språkråd var i funksjon. Det er likevel naturleg at Språkrådet får om lag dei same fullmaktene som det Norsk språkråd hadde.

4.1 Nynormering og rådgjeving

Språkrådet bør ha fullmakt til å gjera endeleg vedtak om normering av nye og tidlegare unormerte ord i norsk. Departementet foreslår likevel at denne fullmakta blir formulert noko annleis enn tidlegare, jf. ny § 3 første ledd første punktum i utkastet under pkt. 5 nedanfor. Den nye formuleringa har til formål å hindra at ein er for raskt ute med å gjera bindande normeringsvedtak. Ho peikar på at ein i første omgang kan nøya seg med å gje førebels råd dersom det er behov for det. I framlegget heiter det at bindande normeringsvedtak kan gjerast når språkutviklinga tilseier det. Dette vilkåret er likevel så tøyelig at det ikkje skulle leggja hindringar i vegen for eit tenleg normeringstempo.

Det blir presisert at denne fullmakta også skal gjelda for transkripsjon av utanlandske namn, jf. ny § 3 første ledd andre punktum. Dette er i samsvar med tilsvarende fullmakt som Norsk språkråd hadde.

Departementet har ikkje funne det tenleg å spesifisera kva slags skrivereglar Språkrådet skal ha fullmakt til å gjera vedtak om. Desse reglane gjeld mange ulike spørsmål, og dei har etter kvart vorte ganske omfattande og detaljerte. Spesifikasjonen i dei gamle vedtektene for Norsk språkråd er heller ikkje nødvendigvis dekkjande eller

uttømmende som innholdsliste for dei temaa som er behandla i dei offisielle skrivetekniske rettleiingane som det er vist til under pkt. 1 ovanfor.

I desse rettleiingane er presentasjonen av dei ulike reglane som oftast supplert av eit illustrerande eksempelmateriale som kan tena til å spesifisera og utdjupa den praktiske bruk av reglane. Likevel kan mange slike skrivereglar vera vanskelege å praktisera fordi dette ofte krev evne til grammatisk analyse. Det betyr at språkbrukarane ikkje alltid kan finna ut kva som er rett løysing av eit konkret problem berre ved å slå opp på den aktuelle regelen.

Det er heller ikkje alltid klart kva status dei ulike reglane kan seiast å ha, dvs. i kva grad dei skal sjåast på som obligatoriske for korrekt språk og dermed som formelt bindande for dei som elles har rettsleg plikt til å følgja den offisielt normerte rettskrivinga.

Med tanke på det framtidige arbeidet med skrivereglar legg departementet til grunn at den viktigaste aktiviteten frå Språkrådet si side bør vera å gje råd og rettleiing på basis av eksisterande reglar. Vi reknar med at det i liten grad er behov for ei utvida skriveteknisk regulering i form av nye normeringsvedtak. Det kan derimot vera behov for å arbeida med ei klargjering av den status ulike delar av dette regelverket skal ha. Departementet foreslår at Språkrådet får eit eksplisitt mandat til å arbeida med dette. Som første ledd tredje punktum i ny § 3 har vi derfor formulert ei føresegn om at Språkrådet gir råd og rettleiing om generelle skrivereglar, og at dei så langt det er tenleg, skal klargjera kva som er obligatorisk for korrekt språk.

I opplæringslova § 9-4 er det fastsett at Språkrådet skal godkjenna ordlister og ordbøker til skulebruk, jf. omtale under pkt. 1 ovanfor. Av pedagogiske omsyn har departementet funne det tenleg å ta inn ei tilvising til denne føresegna. Det naturlege er at denne tilvisinga går inn i ny § 3 som eit sjølvstendig andre ledd.

4.2 Normeringsendringar

Når det gjeld endringar i gjeldande rettskriving, bør det framleis vera slik at vedtak i Språkrådet skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Som utgangspunkt bør dette også gjelda vedtak om endringar i gjeldande skrivereglar.

Kravet om godkjenning i departementet bør likevel ikkje gjelda utan unntak. Departementet foreslår at Språkrådet skal kunna vedta ny stavemåte eller bøyning av tidlegare normerte ord og justeringar i gjeldande skrivereglar dersom faktisk språkbruk eller systemomsyn gjer det formålstenleg, jf. ny § 3 tredje ledd første punktum. Å avgjera om dette vilkåret er oppfylt, kan i nokon mon byggja på skjønn. Dette skjønnnet vil det i siste instans vera opp til styret å utøva.

Dersom styret er i tvil, er det den påfølgjande hovudregelen som må leggjast til grunn, jf. ny § 3 tredje ledd andre punktum. Det uttrykket som der er nytta, "gjennomgripande endringar eller systemendringar" byggjer på om lag tilsvarande uttrykk i dei fullmaktene som Norsk språkråd hadde. Det følgjer altså av framlegget at alle slike

vedtak om endringar i gjeldande rettskriving og skrivereglar skal leggjast fram for departementet til godkjenning.

I prinsippet inneber likevel framlegget alt i alt at fullmaktene for Språkrådet til å gjera endeleg vedtak i reine rettskrivingsspørsmål blir litt vidare enn dei Norsk språkråd hadde. Den gongen måtte absolutt alle endringar av tidlegare normerte ord leggjast fram for departementet til godkjenning. Ei rasjonell og arbeidsøkonomisk ansvarsdeling tilseier at departementet ikkje behandlar fleire saker enn det som er strengt nødvendig. Det er ikkje naturleg at departementet skal kunna overprøva Språkrådet i spørsmål der det faglege innslaget er sterkt dominerande.

Departementet foreslår at også eventuelle framtidige vedtak om opptak av tyske og danske lånord i nynorske ordlister og ordbøker skal behandlast på same måte som rettskrivingsendringar, jf. ny § 3 tredje ledd tredje punktum. For nærmare om bakgrunnen for dette framlegget viser vi til kap. 9.2.2 i språkmeldinga. Føreseigna vil innebera at Språkrådet på eiga hand kan vedta å ta inn nye enkeltståande lånord i samsvar med føreseigna i første punktum. Dersom dette får eit visst omfang, vil det derimot krevja godkjenning av departementet i samsvar med føreseigna i andre ledd. Departementet legg til grunn at det ikkje skal svært mykje til for at denne siste føreseigna skal koma i bruk. Også her vil det vera eit ansvar for styret å vurdera dette.

4.3 Rettleiing om valfridomen i rettskrivinga

Etter dei siste rettskrivingsreformene i bokmål og nynorsk er det framleis etter måten stor valfridom i norsk rettskriving. Det systemskiftet som har skjedd ved at skiljet mellom hovudformer og sideformer er oppheva, inneber også at valfridommen på ein del punkt er utvida jamført med den trongare normalen, den som omfatta berre hovudformene (læreboknormalen).

Kvar enkelt språkbrukar står fritt til å velja mellom alle valfrie former innanfor den offisielle rettskrivinga. Dei offisielle normene legg heller ingen føringar for dei formval språkbrukarane kan gjera på tvers av ulike ord. Alle slike val kan kombinerast med alle andre utan at det strir mot offisiell norm. Blant mange språkbrukarar finst det likevel meir eller mindre samanfallande intuisjonar om korleis desse formvala heng i hop i språkleg og stilistisk konsistente tekstar. Men ikkje alle språkbrukarar er like medvitne om slike samanhengar innanfor den tilgjengelege formvariasjonen.

Etter § 1 femte ledd i vedtektene har Språkrådet ein generell rådgjevings- og rettleiingsfunksjonen i språkfaglege spørsmål. Det vil derfor vera naturleg at Språkrådet også gir råd og rettleiing til språkbrukarane om bruken av valfridommen i rettskrivinga. Ei fagleg basert rettleiing om dette må først og fremst handla om språklege og stilistiske samanhengar i formval basert på kunnskap om faktisk språkbruk. Utover dette vil det vera ulike behov innanfor dei to målformene, og Språkrådet må ta omsyn til dette. Departementet gjer framlegg om ei rammeføresegn i vedtektene om at Språkrådet i høveleg form kan utarbeida rådgjevande informasjons- og rettleiingsmateriell som eit tilbod til språkbrukarar som ønskjer hjelp til å velja mellom

valfrie former i rettskrivinga. Føreseigna seier også at arten og omfanget av dette tilbodet må vera tilpassa behovet innanfor dei to målformene, jf. ny § 3 fjerde ledd.

4.4 Behandlingsprosedyre i Språkrådet

Språknormering og språkobservasjon er arbeids- og ansvarsområdet til det eine av dei fire fagråda som styret har oppnemnt. Som nemnt under pkt. 2 ovanfor ligg det derfor til rette for at dette fagrådet får ei sentral rolle å spela i behandling av dei spørsmål som vi foreslår å regulera i ny § 3 i vedtektene.

Men etter gjeldande vedtekter er det lagt til styret å fastsetja kva arbeids- og ansvarsområde kvart fagråd skal ha, og det er uttrykkjeleg presisert at fag- og oppgåveprofilen til fagråda kan justerast over tid avhengig av aktuelle utfordringar og strategiske prioriteringar. Skal dette fagrådet ha ein fast formalisert funksjon ved behandling av eit saksfelt som blir særskilt regulert i vedtektene, må også arbeids- og ansvarsområdet til dette fagrådet forankrast direkte i vedtektene.

Departementet foreslår derfor eit tillegg som inneber at dette eine fagrådet får ei vedtektsfesta særstilling jamført med dei andre, jf. ny § 5 andre ledd første punktum.

Dei særlege oppgåvene dette fagrådet skal ha, gjer det også nødvendig å regulera nærmare samansetjinga av dette fagrådet og korleis det skal arbeida i normeringssaker. Vi viser her til nytt tredje ledd i ny § 5.

Denne særreguleringa har samanheng med at fagrådet skal behandla normeringssaker som gjeld begge dei to likestilte målformene. Vi legg til grunn at fagrådet derfor skal ha like mange medlemmer frå kvar målform, mellom anna slik at det kan dela seg i to like halvdelar når det skal gjerast vedtak i normeringsaker som ikkje er felles for begge målformene. Kravet om separate vedtak i slike saker er ikkje meint å hindra at også slike saker skal kunna drøftast i plenum. Det kan tvert imot vera behov for at også slike saker blir førebudde på ein koordinert måte slik at ein så langt råd er kan unngå at det oppstår tilfeldige skilnader mellom målformene. Slik koordinert behandling blir likevel ikkje oppstilt som noko formelt krav.

Jamvel om normeringssakene skal behandlast av fagrådet, er det ein føresetnad etter forslaget at alle normeringsvedtak må godkjennast av styret. Det blir derfor foreslått eit tillegg om dette i andre ledd i ny paragraf 4.

5. Forslag til endringar i vedtektene for Språkrådet ⁴

I samsvar med utgreiinga under pkt. 4 ovanfor foreslår departementet følgjande endringar i vedtektene for Språkrådet (endringar i kursiv):

§ 2 første ledd første punktum skal lyda:

⁴ Gjeldande vedtekter følger vedlagt.

Språkrådet er administrativt underlagt *Kulturdepartementet*.

§ 2 femte ledd blir oppheva.

Ny § 3 skal lyda:

§ 3 Særskilde fullmakter

Språkrådet kan gi råd om staving og bøyning av nye og tidlegare unormerte ord og gjer bindande normeringsvedtak når språkutviklinga tilseier det. Føresegna gjeld også for transkripsjon av utanlandske namn. Språkrådet gir råd og rettleiing om generelle skrivereglar og skal så langt det er tenleg, klargjera kva som er obligatorisk for korrekt språk.

Etter opplæringslova § 9-4 fjerde ledd skal Språkrådet godkjenne ordlister og ordbøker til skulebruk.

Dersom faktisk språkbruk eller systemomsyn gjer det formålstenleg, kan Språkrådet gjera vedtak om ny stavemåte eller bøyning av tidlegare normerte ord eller justeringar i gjeldande skrivereglar. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Føresegnene i første og andre punktum gjeld tilsvarande for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, jf. andre ledd.

Som eit tilbod til språkbrukarar som ønskjer hjelp til å finna fram i valfridommen i rettskrivinga, kan Språkrådet i høveleg form utarbeida rådgjevande informasjons- og rettleiingsmateriell som er tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene.

Noverande § 3 blir ny § 4 og skal lyda:

Styret har det overordna ansvaret for verksemda i Språkrådet og skal behandla og avgjera alle viktige og prinsipielle spørsmål. *Styret skal godkjenne alle vedtak som Språkrådet har fullmakt til å gjera etter § 3.* Styret kan etter behov gi nærmare retningslinjer for ansvars- og arbeidsdelinga mellom styre og direktør.

Styret skal ha *ni* medlemmer og tre varamedlemmer. Av desse skal éin medlem og éin varamedlem oppnemnast etter val av og blant dei som er fast tilsette i sekretariatet i minst halv stilling, utanom direktøren. Dei to skal representera kvar si målform og skal vera respektive medlem og varamedlem i kvar sin halvdel av funksjonsperioden på fire år.

Det skal elles oppnemnast *fire* representantar og i tillegg éin vararepresentant for kvar målform. Departementet peikar ut styreleiar blant dei *fire* faste medlemmene frå den eine målforma og nestleiar frå den andre målforma.

Styret er vedtaksført når anten leiar eller nestleiar og minst *fem* andre medlemmer eller varamedlemmer er til stades.

Direktøren har ansvaret for å førebu styremøta og for å ivareta sekretariatsfunksjonen for styret.

Noverande § 4 blir ny § 5.

I ny § 5 skal første ledd lyda:

Det kan oppnemnast inntil fire fagråd. Fagråda har eit særleg ansvar for å sikra at Språkrådet har breiast mogleg samfunnskontakt for arbeidet sitt. Dei skal formidla

synspunkt og impulsar frå det norske språksamfunnet til styre og sekretariat og skal på tenleg måte drøfta og førebu større saker som skal avgjerast i styret. Fagråda har høve til å ta sjølvstendige initiativ innanfor eige arbeidsområde.

I ny § 5 skal andre ledd lyda:

Arbeids- og ansvarsområdet for kvart råd skal fastsetjast av styret, *men eit av fagråda skal behandla spørsmål som gjeld rettskriving og skrivereglar, jf. § 3*. Fag- og oppgåveprofilen deira kan *elles* justerast over tid avhengig av aktuelle utfordringar og strategiske prioriteringar. Etter behov kan styret også fastsetja nærmare retningslinjer for arbeids- og ansvarsdelinga mellom fagråda på den eine sida og styre og sekretariat på den andre sida.

I ny § 5 skal tredje ledd lyda:

Fagrådet som behandlar rettskrivingsspørsmål, skal ha åtte medlemmer, halvparten for kvar målform. Ein for kvar målform skal koma frå sekretariatet. Også leiar og nestleiar skal tilhøyra kvar si målform og alternera annakvart år. Normeringssaker som ikkje er felles for målformene, skal behandlast i den aktuelle halvdelen av fagrådet.

I ny § 5 blir noverande fjerde ledd nytt femte ledd, noverande femte ledd blir nytt sjette ledd, noverande sjette ledd blir nytt sjuande ledd og noverande sjuande ledd blir nytt åttande ledd.

I ny § 5 skal nytt fjerde ledd lyda:

Dei andre fagråda skal kvar for seg bestå av inntil sju medlemmer, medrekna ein medlem frå sekretariatet i kvart råd. Denne skal også fungera som sekretær for vedkomande fagråd og skal delta i styremøta med talerett når styret behandlar saker som høyrer inn under fag- og ansvarsområdet til vedkomande fagråd.

I ny § 5 skal nytt sjuande ledd lyda:

Medlemmene i kvart fagråd skal oppnemnast for *fire* år om gongen. Styret utpeikar leiar og eventuell nestleiar.